



Arkivnr: 2015/7-7

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

## Stad skipstunnel - søknad om finansieringsbidrag

### Samandrag

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 16.1.2017 bedt om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel. Budsjettet for 2017 er på 775 000 kr. Det vert søkt om 150 000 kr. i prosjektstøtte frå Hordaland fylkeskommune og tilsvarende beløp frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten. Prosjektgruppa Stad skipstunnel driv påverknadsarbeid for å få realisert skipstunnelen. Fylkesrådmannen viser til at prosjektet er prioritert i Nasjonal transportplan 2018-2029 med midlar i første del av planperioden. Fylkesrådmannen rår til at Prosjektgruppa for Stad skipstunnel får midlar frå Hordaland også i 2017, men deretter bør prosjektgruppa, om den skal vidareførast, finna andre finansieringskjelder. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 150 000,- i 2017. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2017.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet går inn for at Prosjektgruppa for Stad skipstunnel får midlar frå Hordaland også i 2017, men deretter bør prosjektgruppa, om den skal vidareførast, finna andre finansieringskjelder. Fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 150 000,- i 2017. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Søknad Hordaland fylkeskommune
- 2 Prosjektplan Stad skipstunnel

**Fylkesrådmannen, 18.04.2017**

## Bakgrunn

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har i brev frå 16.1.2017 bedt om økonomisk stønad frå Hordaland fylkeskommune til Prosjektet Stad skipstunnel.

## Om søknaden


Prosjektgruppa Stad skipstunnel driv påverknadsarbeid for å få så tidleg byggestart som mogleg. Frå søknaden:

*«Påvirkning inn mot sentrale beslutningstakere vil være en kontinuerlig prosess frem til vedtak om bygging er en realitet. Prosjektgruppa for Stad skipstunnel vil nå i første omgang jobbe intensivt inn mot sentrale beslutningstakere frem til juni da stortingsmeldingen om Nasjonal transportplan skal vedtas i Stortinget. Det vil også være behov for aktivitet frem mot en evt. bestilling av KS2 som vil forhåpentligvis komme tidlig på høsten 2017.»*

Budsjettet for 2017 er på 775 000 kr. Det vert søkt om 150 000 kr. i prosjektstøtte frå Hordaland fylkeskommune og tilsvarande beløp frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## Om Stad skipstunnel

Stad skipstunnel vil gå mellom Moldefjorden i Nordfjord og Kjøddepollen på Sunnmøre. KVVU for Stad skipstunnel vart gjennomført i 2010 med ekstern kvalitetssikring i 2012. Prosjektet er utgreidd i to alternativ, liten og stor tunnel. Prosjektet er vidare planlagt med utgangspunkt i stor tunnel. Tunnelen blir 1700 m lang, 50 m fra botn til tunneltak og 36 m mellom tunnelveggane. Tunnelen vert dimensjonert for dei største hurtigruteskipa. Tunnelen gjev tryggare segling enn langs det værutsatte Stadhavet. Byggetida er rekna til 3–4 år. Trafikkavviklinga skal styrast frå ein av Kystverket sine trafikksentralar.



## Planstatus

Kystverket har utarbeida områdereguleringsplan og konsekvensutredning (KU) for Stad skipstunnel. I konsekvensutgreiinga av Stad skipstunnel tilrår Kystverket at Stad skipstunnel bør byggast. Konsekvensutgreiinga vart overlevert til Selje kommune saman med områdereguleringsplanen for Stad skipstunnel 12.1. 2017.1 Planen har vore ute på førstegangshøyring i perioden 01.02.2017 – 08.03.2017. Eit teknisk forprosjekt for Stad skipstunnel skal overleverast til Samferdselsdepartementet i mai 2017.

## Prioritering i Nasjonal transportplan

Det er lagt opp til at prosjektet kan starta opp i løpet av neste stortingsperiode. I Meld. St. 33 (2016 -2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029 er Stad skipstunnel prioritert i første seksårsperiode med ei løyving på 1,5 mrd. kr. og fullfinansiert i perioden 2018 -2029:

<sup>1</sup> Områdereguleringsplan –sjå: [http://www.kystverket.no/Maritim-infrastruktur/Utbygging-av-fiskerihavner-og-farleder/Stad\\_skipstunnel/reguleringsplan/](http://www.kystverket.no/Maritim-infrastruktur/Utbygging-av-fiskerihavner-og-farleder/Stad_skipstunnel/reguleringsplan/)

Prosjekt	Kostnadsanslag	Statlege midlar 2018–2023	Statlege midlar 2024–2029	Statlege midlar 2018–2029	Anna finansiering
Stad Skipstunnel	2 699	1 504	1 195	2 699	0

#### Tidlegare løyvingar til prosjektgruppa

Fylkesutvalet løyvde i 2012 kr. 100 000 til prosjektgruppa for Stad skipstunnel for 2013. For 2014 vart det ikkje søkt om løyvingar til prosjektet. I 2015 vart det løyvd 100 000 kr. til prosjektgruppa. Det same beløpet vart også løyvd i 2016.

#### Fylkesrådmannen sine merknader

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for trygg og effektiv sjøtransport langs norskekysten. I Hordaland er det ved fleire høve blitt gjeve brei fylkespolitisk støtte til prosjektet. Vestlandsrådet gav i møte 26. mai 2016, slik uttale om Stad skipstunnel i uttalen til etatsforslaget til NTP 2018 – 2029:

*«Vestlandsrådet går inn for realisering av Stad Skipstunnel med oppstart i perioden 2018-21.»*

Fylkesrådmannen viser til at prosjektet er prioritert i Nasjonal transportplan 2018-2029 med midlar i første del av planperioden. Fylkesrådmannen rår til at Prosjektgruppa Stad skipstunnel får midlar frå Hordaland også i 2017, men deretter bør Prosjektgruppa, om den skal vidareførast, finna andre finansieringskjelder. Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjev tilskott til Prosjektgruppa for Stad skipstunnel på kr. 150 000,- i 2017. Løyvinga vert dekkja innanfor samferdselsavdelinga sitt budsjett for 2017.